



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	06.02.2018
Tid:	13:30 – 17:25

Medlemer som møtte:

Arnulf Goksøyr	Leder	H
Camilla Storøy	Nestleder	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Svein Gjølseth	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP

Forfall:

Reidun S Myrvågnes	MEDL	AP
--------------------	------	----

Varamedlemer som møtte:

Jens Terje Johnsen	Reidun S Myrvågnes	AP
--------------------	--------------------	----

Andre:

Planleggar Tanja Rafteseth.
Planleggar Erlend Sporstøl Vikestrand
Bustadkonsulent Ida Myklebust
Eigedomsleiar Robert Myklebust

F-sak 22/18 vart handsama fyrst i møte.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren/leiaren vart desse valde:
Jens Terje Johnsen og Ole Brubakk.

underskrifter

Jens Terje Johnsen

Arnulf Goksøyr

Ole Brubakk

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 18/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 19/18	Protokoll frå førre møte
PS 20/18	Referatsaker
PS 21/18	Kommunekompasset. Strategi for utvikling av lokaldemokratiet.
PS 22/18	Søknad om oppstart av privat regulering for Nedre Sørli, gnr. 36 bnr. 2.
PS 23/18	Kommunale kjerneverdier
PS 24/18	Språkbruksplan
PS 25/18	Kommunikasjonsplan
PS 26/18	Årsplan 2018
PS 27/18	Busetting av flyktningar 2018
PS 28/18	Kjøp av reinhaldsrobot til Herøy kulturhus og idrettshall
PS 29/18	Slutthandsaming: Fosnavåg hamn, ytre hamn, gnr. 35, bnr. 31 m. fl.
PS 30/18	Søknad om startlån - tilleggsfinansiering Referatsaker
RS 2/18	Informasjon om avviking av trykte rutehefter

PS 18/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 19/18 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 20/18 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitende.

PS 21/18 KOMMUNEKOMPASSET. STRATEGI FOR UTVIKLING AV LOKALDEMOKRATIET.

Møtebehandling:

Råmannen si tilråding fall mot 9 røyster.

Vedtak i Formannskapet - 06.02.2018

Formannskapet ynskjer ikkje å utarbeide ein eigen strategi for utvikling av lokaldemokratiet i Herøy kommune.

PS 22/18 SØKNAD OM OPPSTART AV PRIVAT REGULERING FOR NEDRE SØRLIA, GNR. 36 BNR. 2.

Møtebehandling:

Planleggar Tanja Rafteseth møtte og orienterte.

AP v/Per Kristian Furø kom med framlegg om slik endra tilråding:

Herøy formannskap gir løyve til oppstart av privat reguleringsarbeid for Nedre Sørliå, B69, i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8.

Framlegget frå AP fekk 3 røyster.

Rådmannen si tilråding vart vedteke mot 3 røyster.

Vedtak i Formannskapet - 06.02.2018

Herøy formannskap gir løyve til oppstart av privat reguleringsarbeid for Nedre Sørliå, del av gnr. 36 bnr. 2, i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8.

PS 23/18 KOMMUNALE KJERNEVERDIAR

Møtebehandling:

KrF v/Camilla Storøy kom med framlegg om slikt tillegg til tilrådinga:

Kvar avdeling skal utarbeide sin handlingsplan på korleis kjerneverdiane skal forankrast.

Framlegget frå KrF vart samrøystes vedteke.

AP v/Jens Terje Johnsen kom med framlegg om slikt tillegg til tilrådinga: Kommunestyret oppnemner eit etikkutval. I fyrste omgang skal utvalet levere innlegg til debatt i kommunestyret om kvar av dei tre kjerneverdiane tillit, respekt og samhandling. Utvalet kan seinare ta på seg andre oppgåver kommunestyret vil ha utgreidd. Utvalet består av ein frå kvart parti som er representert i kommunestyret.

Framlegget frå AP vart vedteke mot 3 røyster.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 06.02.2018

Kommunestyret vedtek at det vert sett eit sterkare fokus på å byggje kjerneverdiane respekt, tillit og samhandling for at kommunen skal kunne leve opp til visjonen sin om å vere ei båtlangd føre og kunne kallast ein «kvalitetskommune».

Desse verdiane må forankrast i heile organisasjonen, politisk og administrativt. Dette er eit leiaransvar. Slik forankring er ikkje gjort ein gong for alle, men må skje kontinuerleg, og det må nyttast ulike verkemiddel.

Kvar avdeling skal utarbeide sin handlingsplan på korleis kjerneverdiane skal forankrast.

Kommunestyret oppnemner eit etikkutval. I fyrste omgang skal utvalet levere innlegg til debatt i kommunestyret om kvar av dei tre kjerneverdiane tillit, respekt og samhandling. Utvalet kan seinare ta på seg andre oppgåver kommunestyret vil ha utgreidd. Utvalet består av ein frå kvart parti som er representert i kommunestyret.

PS 24/18 SPRÅKBRUKSPLAN

Møtebehandling:

Formannskapet kom framlegg om slik endring i språkbruksplanen

Pkt. 4 – tiltak – opplæring

Siste avsnitt går ut.

AP kom med framlegg om slikt tillegg til tilrådinga:

Språkbruksplanen vert vedteken for tilsette, som ein rettleiar.

Framlegget fekk 4 røyster.

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot 4 røyster..

Tilråding i Formannskapet - 06.02.2018

Planen med endring frå formannskapet vert teken til vitende. Revidering vil skje innan 31. mars 2021.

PS 25/18 KOMMUNIKASJONSPLAN

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 06.02.2018

Planen vert teken til vitende. Revidering vil skje innan 31. mars 2021.

PS 26/18 ÅRSPLAN 2018

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 06.02.2018

Kommunestyret godkjenner årsplanen for 2018.

PS 27/18 BUSETTING AV FLYKTNINGAR 2018

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 06.02.2018

Herøy kommune kan busette inntil 10 flyktningar i 2018.

PS 28/18 KJØP AV REINHALDSROBOT TIL HERØY KULTURHUS OG IDRETTSHALL

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 06.02.2018

1. Kommunestyret godkjenner kjøp av reinhaldsrobot til reinhald av Herøy kulturhus og idrettshall til ein kostnad av kr. 350 000 eks. mva.
2. Investeringa vert finansiert ved låneopptak.
3. Det vert gjort slike budsjettendringar:

Konto 02000 / ansvar 6051 / funksjon 386 / prosjekt x – opp kr. 350 000,- eks. mva.

Konto 09100 / ansvar 9011 / funksjon 880 / prosjekt x – opp kr. 350 000,- eks. mva.

PS 29/18 SLUTTHANDSAMING: FOSNAVÅG HAMN, YTRE HAMN, GNR. 35, BNR. 31 M. FL.

Møtebehandling:

Planleggar Erlend Sporstøl Vikestrand møtte og orienterte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 06.02.2018

Kommunestyret eigengodkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 *detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn, ytre hamn, gnr. 35, bnr. 31 m. fl.* med plankart datert 14.12.2017 og føresegner datert 12.01.2018.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan 3 veker frå kunngjering. Klaga skal stillast Fylkesmannen som er klageinstans og sendast til Herøy kommune.

PS 30/18 SØKNAD OM STARTLÅN - TILLEGGSFINANSIERING

MØTET SLUTT!

